



Velkommen til Rødt!





Velkommen til Rødt

Vi er glade for at du har meldt deg inn i Rødt og vi ser fram til å jobbe sammen med deg for å skape et mer rettferdig Norge uten sosiale forskjeller. Rødt er et radikalt parti som vil bygge en moderne, demokratisk sosialisme i Norge. I dette heftet kan du lese mer om partiet og hva vi står for.

Rødt er et grasrotparti for vanlige folk som vil forbedre hverdagen og endre verden. Derfor er ditt bidrag viktig for at Rødt skal få gjennomslag for vår politikk. Det viktigste organet i partiet er lokallaget. I lokallagene samles medlemmer fra samme sted eller yrkesfelt for å arbeide sammen med politiske saker i lokalsamfunnet og for å lære mer om politikk. Ta gjerne kontakt med ditt lokallag hvis du ønsker å bidra i lokallaget og/eller vil vite mer om aktivitetstilbud der du bor.

Dessverre har ikke Rødt lokallag i alle landets kommuner. Alle har heller ikke mulighet til å engasjere seg i sitt lag. Som medlem vil du uansett få tilgang til vårt skoleringsmateriell og bli invitert til våre konferanser og kurs. Dersom du jobber politisk i andre organisasjoner, som for eksempel fagbevegelsen, lokalsykehusaksjoner eller solidaritetsorganisasjoner, kan du bli satt i kontakt med andre medlemmer som arbeider med tilsvarende saker.

Det er også mulighet til å engasjere seg på internett og i sosiale medier. I dette heftet kan du lese mer om hvordan du kan bidra, i tillegg til å betale kontingensten din, dersom du er interessert i det.

Ikke nøy med å ta kontakt med oss dersom det er noe du lurer på.

Reidar Strisland, partisekretær

Rødt
Storgata 33, 0184 Oslo
Tlf.: 22 98 90 50
E-post: roedt@roedt.no,
Internett: www.roedt.no

Ta gjerne kontakt med partikontoret om du lurer på noe.





Vår hovedsak:

Kamp mot forskjells-Norge

Foto: Christopher Neumann Ruud

Framveksten av et forskjells-Norge er vår største utfordring som samfunn. Generasjonen som vokser opp i dag kan bli den første på over 100 år som får det mindre trygt enn foreldrene sine. Heldigvis er det mulig å skape et vendepunkt.

Økte forskjeller og privatisering truer alt det arbeiderbevegelsen har bygget opp i Norge – trygghet, velferd og et sterkt fellesskap. Det gjør at makt og muligheter blir urettferdig fordelt. Folk sorteres etter størrelsen på lommeboka.

Samfunn bygget på samarbeid og likeverd er mer rettferdige enn samfunn basert på kapitalistisk konkurranse. Fordi fellesskap fungerer. Derfor er kampen mot forskjells-Norge Rødts aller viktigste sak.



Hva er forskjells-Norge?

Rødts hovedsak er å skape et vendepunkt i kampen mot forskjells-Norge. Framveksten av forskjells-Norge handler om at de på toppen får stadig mer, mens vanlige menneskers trygghet svekkes.

Forskjellene i Norge har økt helt siden 1980-tallet. På 30 år har den rikeste prosenten i Norge doblet sin andel av inntektene. Andelen barn som vokser opp i fattigdom øker, mens antallet milliardærer har femdobledd seg på 15 år. Men forskjells-Norge er mer enn tall. Det er at vanlige mennesker får en vanskeligere hverdag:

- Forskjells-Norge er at du ikke kan planlegge hva familien skal gjøre i helga, fordi du ikke vet om du skal på jobb eller ikke.
- Det er at kvinner fortsatt bare tjener 85 prosent av menn, selv om de gjør jobber som er like viktige.
- Det er at folk i distriktene står i fare for å dø av ting folk som bor i byen overlever, fordi nærmeste lokalsykehus ikke lengre har akuttkirurgi.

Vi mangler rettferdighet

Generasjonen som vokser opp i dag er den første på over hundre år som risikerer å ikke få det bedre enn sine foreldre. Ikke fordi vi er fattigere enn før, men fordi velstanden er urettferdig fordelt.

Det vi mangler, er rettferdighet. Om neste generasjon får det mer usikkert enn den forrige, skyldes det ene og alene politisk svikt. At avstanden mellom folket og den politiske eliten blir så stor at demokratiet forsvinner. At private særinteresser får vinne fram, på bekostning av flertallet og fellesskapet.

Gang på gang har de andre partiene hatt muligheten til å gjøre noe med økende økonomiske forskjeller. Likevel fortsetter forskjellene å vokse.

Derfor er Rødt mot forskjells-Norge

Rødt er ikke mot store forskjeller fordi vi er misunnelige på de rikeste. Vi er mot fordi det er urettferdig. Fordi det gjør at samfunnet blir et dårligere sted for oss alle. Det svekker folkestyret, tillitten mellom mennesker og mulighetene til hver enkelt.



Vi er avhengig av at alle bidrar for at det skal gå rundt. Da kan vi ikke ha et samfunn hvor det lønner seg mer å arve enn det gjør å jobbe. Høyre snakker om at det skal lønne seg å jobbe, men det stemmer jo ikke: Det som virkelig lønner seg er å arve. 77 av de 100 rikeste i Norge har ikke jobba for formuen – de har arva den. Hadde hardt arbeid virkelig lønt seg, ville landets hjelpepleiere, havnearbeidere og renholdere vært millionærer.

I lang tid har et stort flertall på 2 av 3 nordmenn ment at det er en hovedoppgave for politikerne å minske de økonomiske forskjellene. Det er med andre ord ikke den jevne nordmann som har ønsket seg denne utviklinga. Tvert imot.

En endring er på gang

Etter at Rødt valgte forskjells-Norge som sin hovedsak, sier stadig flere partier det samme som Rødt har sagt lenge: At forskjellene må bli mindre. Det viser at Rødt har påvirket debatten om forskjells-Norge allerede før vi er inne på Stortinget. Rødts prosjekt framover handler om å sørge for at mindre forskjeller ikke bare er noe alle prater om, men at det blir en reell forandring.

Rødt vil gjøre slutt på at det går samme veien samme hvem som styrer.

En folkebevegelse

Etter 30 år med stadig økende forskjeller sitter de rikeste og de største selskapene med så mye makt, og har så mye innflytelse på politikken, at ingen politikere alene kan klare å stå imot.

Se bare på hvordan landet vårt selges ut bit for bit til EU. Vi har sagt nei to ganger, likevel har vi en EØS-avtale som gjør at Norge gradvis underlegges EU. EU blander seg inn i det meste, og nekter norske velgere å stemme fram den politikken de ønsker. Og nå er det flere hemmelige handelsavtaler på vei som vil undergrave stemmeretten enda mer.

Men dette fortsetter bare så lenge vi selv finner oss i det. Hvis vi står sammen kan vi få slutt på at folket mister makt og at utsikten øker. At forskjellene øker, uansett hvem vi stemmer på.

Det er mulig å skape et vendepunkt. Men det er ikke bare opp til oss. Det er opp til deg.



Hvordan du kan bidra:

Det finnes mange måter å bidra på i Rødt, men det er i lokallagene de fleste medlemmene kommer sammen og jobber politisk. Noen medlemmer deltar på alle aktiviteter, andre deltar innimellom når de har tid. Lokallagenes aktivitet varierer fra sted til sted, men de fleste har jevnlige medlemsmøter der de diskuterer politiske saker og utadrettet aktivitet. Det er også lokallagene som velger delegater til landsmøtet, som utformer Rødts politikk.

For å komme i kontakt med ditt lokallag se rødt.no/partiet

Er det ikke lokallag der du bor?

Rødt er et parti i vekst, men fortsatt er det mange steder der vi ikke har lokallag. Er det ikke lokallag der du bor kan du melde deg som kontaktperson i din kommune. Da kan du få informasjon fra fylkesstyret og partiet sentralt om viktig ting som skjer, når flere melder seg inn i din kommune og informasjon om kampanjer. Etter hvert som det blir flere som vil være med i Rødt der du bor kan du få hjelp av fylkesstyret/sentralt med å starte et lokallag.

Følg Rødt på sosiale medier

Følger du oss i sosiale medier, får du siste nytt fra oss fortlopende. Her kan du oppdage mer om Rødt, få svar på det du lurer på og finne nye ting å dele med vennene dine.

[Fb.com/roedt](https://www.facebook.com/roedt)

[@raudt](https://twitter.com/raudt)

[@stemroedt](https://www.instagram.com/stemroedt)

Vi har også en Facebookgruppe for medlemmer og sympatisører som er aktive i og for Rødt, som heter **Aktiv i Rødt**. Denne kan du søke opp på Facebook og be om å bli medlem i.



Støtt Rødt økonomisk

Vi trenger alltid inntekter for å gjennomføre aktiviteter og få spredd vår politikk. Derfor har vi også flere måter å støtte partiet økonomisk på. Du kan gi en gave ved å sette over penger til kontonummer 7878.05.75416 eller vippse til 10303. Du kan også betale med kort på rødt.no.

Du kan bli rødrev hvis du vil gi et fast månedlig beløp. Les mer på <https://rødt.no/rodreven>. Rødrev er en avtalegiroordning som erstatter kontingent.

Hvordan påvirke politikken til Rødt?

De fleste i Rødt er med å påvirke partiets politikk gjennom aktivitet i lokallaget. Lokallaget har diskusjoner om saker medlemmene er interessert i. Det er lokallagene som velger delegater til fylkesårsmøter, landsmøter og nominasjonsmøter.

Mellom landsmøtene er landsstyret det øverste organet i Rødt. Alle fylkene er representert i landsstyret. Fylkets landsstyremedlem tar med seg synspunkter og argumenter fra diskusjonene lokalt inn i landsstyret. Vil du ha kontakt med din landsstyrerepresentant se <https://rødt.no/partiledelsen>

Besøk vår nettbutikk på
roedt.signon.no





Rødt jobber for et sosialistisk samfunn

Rødt ønsker en verden med mer frihet, demokrati og rettferdighet. Derfor jobber vi for et sosialistisk samfunn.

Rødt ønsker et samfunn bygget på sosialistiske prinsipper:

- Samarbeid framfor kapitalistisk konkurrans
- Demokrati framfor maktkonsentrasjon
- Hensynet til mennesker og miljø foran profitt

Det er mulig å minske de økonomiske skillene. Det er mulig å gjøre noe med klimaendringene. Vi trenger ikke å finne oss i sult og undertrykking. Men noe står i veien.

Problemet er kapitalisme

I dagens Europa ser vi tydelig hvordan kapitalismen står mer og mer i motsetning til demokrati og menneskerettigheter. Den kapitalistiske økonomien er grunnleggende urettferdig, skaper økt ulikhet og truer naturens grenser. Vi reduseres til små brikker i et system som handler om å gjøre eierne rikere. For mye makt samles på toppen, og det går i neste omgang utover demokratiet. Stemmeretten undergraves når man får omtrent samme politikk uansett hvem som vinner valg. Forsök på å legge om kurset stoppes av EØS-avtalen eller press fra multinasjonale selskapers lobbyister.

Spre makt

Sosialisme handler om å spre makt. Det er folkeflertallet og jordas tåleevne som skal sette rammene, ikke finanskapitalens behov for kortsiktig profitt. Sosialisme handler om å få slutt på at noen få eier bedriftene og bestemmer det meste, mens de ansatte – som faktisk skaper verdiene – ikke har innflytelse på det viktigste avgjørelsene.

Fordi fellesskap fungerer

Sosialisme handler også om å bygge sterke fellesskap. Fordi fellesskap fungerer. Det er i fellesskap med andre vi mennesker utvikler oss, og det er i samarbeid med andre vi kan skape et bedre samfunn. Og ikke minst: Det er med sterke fellesskap i ryggen vi er mest fri, fordi vi ikke blir like underdane i møte med folk som har makt over oss, for eksempel ledelsen på jobb.



Vedtekter

§ 1 Namn og føremål

1. Partiet heiter Rødt/Raudt. Dei nordsamiske, lulesamiske og sør-samiske namna på partiet er Ruoksat, Ruoppsat og Røøpses. Det kvenske namnet er Punaiset. På romani er namnet Lollo.
2. Raudt driv politisk arbeid på grunnlag av programma og vedtekten til partiet.

§ 2 Medlemene sine rettar og plikter

1. Alle som godtek programma og vedtekten til Raudt og som betaler kontingensten, vert medlemer i partiet.
2. Ein ny medlem har rett til å få ei innføring i kva partiet står for.
3. Ein må ha vore medlem i tre veker og ha betalt kontingensten det aktuelle året, før ein får røysterett på landsmøtet, årsmøte og nominasjonsmøte, og før ein kan røyste ved val av delegatar til slike møte.
4. Medlemene har rett til – gjennom eit lokallag – å røyste ved val til og stille som kandidat til tillitsverv i partiet.
5. Medlemene har rett til å få rapportar om arbeidet til partileiinga og om utviklinga i partiet som heilskap.
6. Partiet skal legge til rette for at medlemene kan arbeide aktivt i lokallag. Medlemene bør om mogleg delta i lokallagsarbeidet.
7. Ein medlem i Raudt kan ikkje samtidig vere medlem i eit anna norsk politisk parti, eller stille til val på vallister som konkurrerer med Raudt-lister.
8. Ein medlem i Raudt kan ikkje tilhøre politiske foreiningar eller organisasjonar som motarbeider Raudt.
9. Medlemer i Raudt som har mogelegheit til det, bør vere fagorganisert.

§ 3 Kontingent og økonomiske forhold

1. Landsstyret fastset kontingentsatsar og reglar for innbetaling. Satsane skal graderast etter inntekt.
2. Kontingentinntektene vert fordelt mellom partiet sentralt, lokallaga og fylkesorganisasjonane. Landsstyret fastset fordelinga.
3. All offentleg partistønad til Raudt er partiet sin kollektive eigedom:
 - a) Lokallag og fylkeslag beheld høvesvis kommunale og fylkeskommunale løyvingar.
 - b) Statleg støtte skal innbetalast til partiet sentralt.
 - c) Medlemer som får utbetalt godtgjersle som folkevalde betaler partiskatt etter retningslinjer vedtekne av landsstyret.
 - d) Landsstyret fordeler inntekten frå innbetalte godtgjersle.



§ 4 Organisasjonsprinsipp

1. Raudt skal vere ein open organisasjon prega av gjensidig respekt, der usemje vert verdsett og politikk vert utvikla i ein arbeidsfellesskap. Lokallag og medlemer skal gjere usemje kjent i partiet for å bidra til politisk utvikling og eit reelt partidemokrati.
2. Leiinga på alle nivå har eit særskilt ansvar for at mindretalssyn vert kjente og reelt handsama i partiet.
3. Ved usemje om kva standpunkt partiet skal ta i saker som er til handsaming i folkevalde organ, avgjer partystyret på det aktuelle nivået. Dei folkevalde representantane har rett til å delta i drøftingane.
4. Om ei sak gjeld til dømes to kommunar, skal partiorganisasjonen både stader samrå seg og freiste å kome til eit sams standpunkt.
5. Ved val til tillitsverv skal ein arbeide for rotasjon. Dette gjeld både lokalt og sentralt, ved val til partiet sine eigne organ og ved nominasjon til folkevalde verv.
6. Medlemer som vert valde som delegatar til møte i partiet kan ikkje bindast til korleis ein skal røyste.
7. Det same organet som har valt ein tillitsvald kan ta frå personen vernet. Berre lovleg innkalla ordinære eller ekstraordinære møte kan fatte slike vedtak. Den tillitsvalte skal verte gjort kjent med sak og få høve til å uttale seg til dei som innstiller og avgjer sak.

§ 5 Lokallag

1. Lokallaget er den viktigaste eininga i partiorganisasjonen. Lokallaga gjer det konkrete politiske arbeidet, diskuterer og utviklar ny politikk og vel representantar til dei andre organa i partiet.
2. Lokallag kan organiserast kring bustad, arbeidsstad, bransje eller interessefelt. Alle medlemer høyrer til eitt lokallag.
3. Eit lokallag skal ha styre med minst leiar og økonomiansvarleg.
4. Årsmøte i lokallag skal vere kvart år innan utgangen av februar. Det skal minst handsame styret si årsmelding, rekneskap og årsplan og velje styre. Årsmøtet skal varslast seinast ein månad før, og sakspapira skal vere hos medlemene seinast ei veke før.
5. Ekstraordinært årsmøte i eit lokallag skal haldast om ein tredel av medlemene eller ein tredel av styret krev det. Fylkesstyret kan også innkalle til ekstraordinært årsmøte i eit lokallag.
6. Lokallag skal sende årsmøteprotokollen til partileiinga.
7. Medlemsmøte i lokallaget skal gje medlemene rom for å aktivt delta i partidemokratiet og bruke medlemsrettane sine. Styret har ansvar for å følgje opp vedtaka frå medlemsmøtet.
8. Fylkes- eller landsstyret kan oppløyse eller slå saman lokallag når det ikkje lenger er medlemsgrunnlag for å oppretthalde dei. Medlemene i lokallaget har rett til å uttale seg på førehand. Fylkes- eller landsstyret vedtek òg kva som skal gjerast med eigedomen til laget.



§ 6 Kommuneorganisasjon

- Der eitt lokallag aleine dekker ein eller fleire kommunar representerer dette lokallaget partiet i kommunen.
- I kommunar med fleire lokallag skal det vere eit styre som koordinerer arbeidet. Om det høver best, kan eit slikt samordningsstyre dekke fleire kommunar. Dette styret representerer partiet i kommunen. Valmåten vert fastsett i lokal vedtekta. Vedtekta vert første gong fastsett på felles medlemsmøte.

§ 7 Fylkeslag og fylkesdelslag

- Fylkeslag er partiet si organisering innanfor det enkelte fylket.
- Styret skal koordinere lokallag og enkeltmedlemer i fylket til felles handling, skolering og utvikling av politikk. Styret skal følgje opp medlemer som står utanfor lokallag, og byggje partiet i fylket.
- Eit fylkeslag kan fastsette i lokal vedtekta at fylkeslaget er delt inn i fylkesdelslag og overføre oppgåver til desse. I så fall skal det vere eit styre som samordnar arbeidet og representerer partiet i fylket. Valmåten for styret vert fastsett i lokal vedtekta.
- Eit fylkeslag kan ikkje slå saman fleire fylkesdelslag utan at kvart av dei samtykker til det.
- Der det finst fylkesdelslag, gjeld dei etterfølgjande punkta i denne paragrafen kvart av fylkesdelslaga i staden for fylkeslaget.
- Styret skal minst bestå av leiar, nestleiar og økonomiansvarleg. Leiar eller nestleiar skal vere kvinne. Styret representerer partiet i fylket.
- Styret godkjenner nye lokallag i fylket og rapporterer desse inn til partikontoret.
- Årsmøte i fylkesorganisasjonane skal vere kvart år innan utgangen av mars. Til årsmøtet vel lokallaga delegatar etter medlemstal. Anna ordning kan fastsetjast i lokal vedtekta. Dato for årsmøtet og delegatnøkkelen vert fastsett av styret og skal gjerast kjent minst åtte veker før. Lokallag kan klage på delegatnøkkelen innan to veker etter kunngjeringa. Styret må i så fall ta opp delegatnøkkelen til ny handsaming. Sakspapira til årsmøtet skal vere hos lokallaga seinast to veker før møtet. Årsmøtet skal minst handsame styret si årsmelding, revidert rekneskap, framlegg til årsplan og velje styre.
- I landsmøteår foreslår fylkeslaga kandidatar til landsstyret i tråd med §13 i vedtekten. Fylkeslaga kan gjere dette i årsmøte, medlemsmøte eller delegatmøte. Valkomiteen set saman innstillinga si basert på dei forslaga som er sendt inn frå fylkeslaga.
- Ekstraordinært årsmøte i eit fylke skal haldast om ein tredel av lokallaga eller ein tredel av styret krev det. Dersom styret ikkje oppfyller pliktene sine etter vedtekten, kan landsstyret innkalte til ekstraordinært årsmøte i fylkeslaget.
- Styret skal sende årsmøteprotokollen inn til partikontoret.



§ 8 Landsmøtet

1. Landsmøtet er det høgste organet i Raudt. Det skal haldast innan utgangen av mai minst annakvart år.
2. Innkalling, framlegg til dagsorden, delegatnøkkel og oversyn over forslagsfrister for landsmøtet skal vere ute i lokallaga minst 12 veker før møtet. Sakspapir erekna alle innsendte framlegg skal vere sendt delegatane seinast tre veker før landsmøtet.
3. Landsmøtet skal minst handsame melding og reviderte rekneskap for perioden og handlingsplan og retningsliner for budsjett for komande periode. Landsmøtet skal vidare velje partileiar, inntil 2 nestleiar(ar), partisekretær, økonomiansvarleg, fagleg leiar, landsstyre og inntil 10 andre medlemer i sentralstyre, samt revisor(ar).
4. For at eit lokallag skal kunne sende delegatar på landsmøtet, må det vere opprettet og godkjent innan 31. desember året før. Lokallag godkjent seinare skal få sende observatør til møtet.
5. Berre lokallag kan velje delegatar til landsmøtet. Landsstyret vedtek delegatnøkkel. Alle lokallag som har tre medlemer eller meir, skal ha minst ein delegat. To eller fleire lokallag i geografisk nærleik kan gå saman om å velje delegatar.
6. Raud Ungdom vel sjølv delegatar til landsmøtet, og får like mange delegatar frå kvart fylke som om Raud Ungdom sine medlemer i fylket hadde vore eit lokallag i Raudt.
7. Delegatane vert valde med alminneleg fleirtal på medlemsmøte, der datoer er varsla minst tre veker før.
8. Berre valde delegatar har røysterett på landsmøtet. Landsstyret har tale- og forslagsrett.
9. Ekstraordinært landsmøte skal haldast når ein tredel av lokallaga krev det eller når fylkesorganisasjonar/ lokallag som representerer minst ein tredel av medlemene, krev det.

§ 9 Landsstyret

1. Landsstyret er det høgaste organet i Raudt mellom landsmøta, og leier arbeidet mellom landsmøta innanfor rammer som går fram av vedtekten, programma og landsmøtevedtak.
2. Landsstyret er samansett av arbeidsutvalet, sentralstyret, samisk representant, ein representant utpekt av Raud Ungdom og ein representant frå kvar stortingskrets. I tillegg får stortingskretsar med mange medlemmer fleire representantar etter følgande nøkkel: ein tilleggsrepresentant for kvar heile 1/15 av medlemmene i Raudt som er medlem av lokallag i stortingskretsen.
3. Landsstyret skal møtast minst tre gonger i året. Minst halvparten av medlemene i landsstyret må vere til stades for at eit LS-møte skal vere vedtaksdyktig.
4. Landsstyret kan utnemne utval som får politisk og praktisk ansvar for særskilde felt.
5. Medlemene i landsstyret har ansvar for å hente inn syn på saker som skal opp i landsstyret frå fylket sitt, og for å bidra til å gjere vedtak frå landsstyret kjent og sette dei ut i livet.



6. Landsstyret skal følgje opp dei lokale ledda i partiet i forkant og etterkant av landsstyremøte for å sikre forankring og oppfølging av sentrale vedtak.
7. Landsstyret kan delegerere saker til lågare nivå og kan avgjere kva for organ som skal følgje opp vedtak i landsstyret.

Landsstyret skal mellom anna:

- vedta budsjett og godkjenne rekneskap
- utnemne utval som får politisk og praktisk ansvar for særskilde felt og vedta mandat og økonomiske rammer for arbeidet til utvala
- vedta politikk i saker som ikkje er dekte av arbeidsprogrammet
- fastsette kontingentsatsar og reglar for innbetaling
- vedta retningsliner for innbetaling av partiskatt og fritak
- godkjenne oppretting av fylkesorganisasjonar
- godkjenne oppretting av ei samisk organisering i Raudt
- vedta talet på delegatar til landsmøtet og delegatnøkkelen for desse
- vedta fordelinga av observatørar til landsmøtet
- fastsette reglar om nominasjon til sametingsvalet
- fastsette ansvarsområdet til sentralstyret og arbeidsutvalet
- fastsette standardvedtekter for lokale og regionale organisasjonsledd
- vedta retningsliner for handsaming av saker med seksuell trakkassering
- vedta retningsliner for handsaming av konfliktsaker

§ 10 Sentralstyret

1. Når landsstyret ikkje er samla, er sentralstyret det høgste organet i Raudt. Sentralstyret leier det daglege arbeidet til organisasjonen i tråd med retningsliner frå landsmøtet og landsstyret, og skal sjå til at vedtaka frå landsmøtet og landsstyret vert gjennomførte.
2. Sentralstyret er sett saman av arbeidsutvalet og representantar valt av landsmøtet. Minst 2/3 av medlemene i sentralstyret må vere til stades for at eit sentralstyremøte skal vere vedtaksdyktig.
3. Sentralstyret kan delegerere saker til lågare nivå og kan avgjere kva for organ som skal følgje opp vedtak i sentralstyret.
4. Sentralstyret er det utøvande organet i partiet etter partilova.
5. Landsstyret fastset elles ansvarsområda til sentralstyret.

§ 11 Arbeidsutvalet

1. Arbeidsutvalet er den daglege leiinga i partiet og leier arbeidet mellom sentralstyremøta. Arbeidsutvalet innstiller saker til sentralstyret.
2. Arbeidsutvalet er sett saman av partileiar, nestleiar(ar), partisekretær, økonomiansvarleg og fagleg leiar. Leiaren i Raud Ungdom har møterett med røysterett i arbeidsutvalet.
3. Landsstyret fastset elles ansvarsområda til arbeidsutvalet.



§ 12 Nominasjonar

1. Når det skal stillast lister ved val til kommunestyre, skal det haldast nominasjonsmøte med røysterett for alle medlemer som er busett i kommunen. I kommunar med fleire lokallag, kan ein fastsette i lokal vedtekta at nominasjonen i staden skal skje på nominasjonsmøte med delegatar frå lokallaga i kommunen. Nominasjonsmøtet kan delegere ferdigstilling av lista til styret i kommunen. Punktet gjeld også for stortingslista for Oslo.
2. Dersom det er direkte val til bydelsutval eller liknande, skal det gå fram av lokal vedtekta korleis nominasjonen skjer.
3. Når det elles skal stillast lister ved val til Stortinget eller fylkesting skjer nominasjonen på nominasjonsmøte med delegatar frå lokallaga i valdistriket. Når det skal stillast lister i fleire valdistrikta i same fylke, skal det vere separate nominasjonsmøte, der berre delegatar frå valdistriket har røysterett. Delegatnøkkelen vert fastsett i lokal vedtekta. Ferdigstilling av lista kan delegerast til samordningsstyret når det gjeld fylkestingsval, og til fylkesstyret når det gjeld stortingsval så lenge dei gamle stortingsvaldistrikta gjeld.

§ 13 Representasjon

1. I alle organ innanfor Raudt, ved val av delegatar og ved nominasjon til Raudt sine vallister skal det vere minst like mange kvinner som menn. For å sikre kvinner høgt opp på lister, bør minst annankvar kandidat vere kvinne.
2. Lokallag kan få innvilga unntak frå punkt 1 av fylkesstyret.
3. Ein skal freiste å ha ein høg arbeidarandel i alle organ.
4. Ein skal freiste å spegle mangfaldet i arbeidarklassen i organ og på vallister.
5. I skriftleg tilfang frå partiet sentralt (papir og nett) skal ein freiste å ha ein høg nynorskandel. Landsstyret skal kvart år vurdere situasjonen på feltet og drøfte kva tiltak som trengst. Det skal finnast oppdatert informasjonsmateriell på samisk.

§ 14 Suspensjon og eksklusjon

1. Medlem som i særleg grad skadar eller motarbeider Raudt eller bryt vedtekta, kan ekskluderast. Medan undersøking i saka skjer, kan medlemskap eller verv suspenderast.
2. Eksklusjon krev kvalifisert fleirtal, 2/3 av dei røysteføre. Eksklusjon og suspensjon kan vedtakast av sentralstyret.
3. Ein ekskludert medlem kan anke avgjerda til landsstyret. I landsstyret krevjast og 2/3 fleirtal av dei røysteføre for at eit vedtak skal verte gjeldande
4. Retningslinjer for behandling av eksklusjons- og suspensjonssakar vedtakast av landsstyret. Retningslinene skal ivareta retten til kontradiksjon og ha tydelege saksbehandlingsregler.
5. Landsstyret vedtek eigne retningslinjer for handsaming av saker med seksuell trakkassering. Landsstyret vel for kvar periode eit handsamingsutval for slike saker som innstiller overfor sentralstyret.
6. Landsstyret vedtek eigne retningslinjer for handsaming av konfliktsaker.



§ 15 Rusmiddel

Møte i regi av Raudt skal vere rusgiftfrie.

§16 Ungdomsorganisasjonen

1. Raudt Ungdom er ungdomsorganisasjonen til Raudt.
2. Raudt Ungdom har rett på delegatar på Raudt sitt landsmøte jf. § 8.
3. I fylket og på felt der det finst parallel organisering, skal Raudt Ungdom inviterast til samarbeid med Raudt. Der det finst lokalt eller fylkesvist ledd av ungdomsorganisasjonen, har dette rett til ein representant i styret på det tilsvarende nivået i Raudt.
4. Raudt Ungdom sine representantar i Raudts organ har røysterett i desse.

§ 17 Opplysing

1. Framlegg om å opplyse Raudt eller slå partiet saman med ein annan organisasjon skal handsamast på to landsmøte med minst tre og høgst seks månaders mellomrom. Det første av desse skal vere eit ordinært landsmøte, og her krevst det 2/3 fleirtal for å gå vidare i prosessen. Det andre er eit ekstraordinært landsmøte. Dette stadfester eventuelt vedtaket om opplysing eller samanslåing med alminneleg fleirtal. Samstundes vedtek dette landsmøtet kva som skal gjerast med partiet sin eigedom.
2. Framlegg om opplysing kan berre kome frå organisasjonsledd i partiet eller landsstyret. Det må vere innkome til partikontoret seinast 31. desember året før landsmøtet som først skal handsame det.

§ 18 Vedtekter og vedtak

1. Vedtak i Raudt sine organ skal skje med alminneleg fleirtal, om ikkje vedtekten seier noko anna. Alminneleg fleirtal er fleirtal av dei avlagde røystene, utan å telle med blanke eller avhaldande røyster.
2. Ved røystelikskap fell forslaget. Ved røystelikskap ved personalval vert valet avgjort ved loddkast.
3. Om det er ulike tolkingar av vedtekten, gjeld sentralstyret si forståing. Denne kan ankast inn for landsstyret, som skal handsame saka ved første høve. Landsstyret si avgjerd kan ankast inn for landsmøtet.
4. Vedtekten er juridisk bindande i tvistar som gjeld Raudt sin eigedom.
5. Desse vedtekten kan berre endrast på landsmøte. Endring krev kvalifisert fleirtal, 2/3 av dei med røysterett på landsmøtet. Frist for å fremje forslag til endring av vedtekten er fire veker før landsmøtet tek til. Landsmøtet kan berre gjere endringar som heng direkte saman med framlegg som er sendt ut på førehand. Om ikkje landsmøtet vedtek noko anna, trer vedtektsendringar i kraft straks.
6. Landsstyret fastset standardvedtekter for lokale og regionale organisasjonsledd i tillegg til det som følgjer av desse vedtekten. Lokale og regionale organisasjonsledd kan likevel velje å utarbeide eigne vedtekter. Desse må ikkje bryte med dei sentrale vedtekten og skal godkjennast av landsstyret.



Rødt